

# Protesterte med vardebål på Sjøholt

## Bondelaga i Ørskog, Skodje og Haram aksjonerte

- Jorda ligg der den ligg. Vi brenn for eit variert landbruk – over heile landet, sa Knut Ivar Bøe i Ørskog Bondelag og viste til vestlandsk jordbruk i kupert terreng. Tirsdag deltok bønder frå Ørskog, Hildre og Vatne Bondelag og Skodje Bondelag i ein landsomfattande bålrensingsaksjon mot regjeringas jordbruksmelding.

BB – RUTH JANNE VINJE

Bøndene hadde utstyrt seg med eit oljefat til å brenne bål i og fleire plakatar i opprøret som gjekk føre seg på Visetmarka, midt i Sjøholt sentrum.

Knut Ivar Bøe i Ørskog Bondelag held ein appell til dei fram-  
møtte.

Han peika på at regjeringa vil ha effektivisering, konkurranse og globalisering.

- I Europa er bøndene gjeldstynge og produserer med tap. Mange er misunnlege på den norske modellen. Det vil vere rein galenskap om Norge skal forlate "familiel-  
bruket" og verte fanga i ein ekspansjonskarusell. Vi unner bønder å drive stort, men for vestlandet er grensa nådd, sa han.



Bondelaga i Ørskog, Haram og Skodje viste sin misnøye mot regjeringas jordbruksmelding på Sjøholt sist tirsdag. Frå venstre: Connie Hansen Bjørnøy frå Hildre, Gunnar Hauge i Skodje Bondelag, Magne Valbo, Jorunn Solnordal Myren, Rolf Ole Humblen, Petter Arne Ekroll (Skodje Samdrift), Knut Ivar Bøe og Eli Sjøstad. Framme to unge, og kanskje komande bønder, Amalie og Elias Sjøstad Valbo

Bøe peika også på kva dei lokale bøndene har å seie for kulturlandskapet. Han avslutta med eit

sitat frå den tidlegare president Dwight D. Eisenhower i USA: «Jordbruk ser kanskje lett ut når pløgen din er ein blyant, og du

er tusevis av mil unna kornfeltet.....»

## FOR GENERASJONAR - GJENNOM GENERASJONAR



## BLI FAST ABONNENT

Prøv Bygdebladet på papir og nett GRATIS i 3 veker\* - Deretter kun 149,-/mnd. - Stopp når du vil

Alle abonnentar har også tilgang til å lese Bygdebladet si e-Avis utgåve på internett - Ta kontakt for brukernavn og passord.

Slik melder du deg på:

Send **BBABO** - på sms til 926 54 500 - eller ring!

post@bygdebladet.com www.bygdebladet.com

\* GJELD FOR ALLE SOM IKKJE HAR FÅTT DETTE TILBODET DEI SISTE 12 MÅNADANE

# bygdebladet

Vi skriv om ditt lokalmiljø!